

SPRETTEN

Laget har trent i idrettshallen vinter og haust i 2004, onsdagar frå 17.30 – 19.00. Marianne Sandal har deler av året vore sjukemeldt frå trenarjobben. Det er då ulike personar som har delt på treningsansvaret dette året. Dei har alle gjort ein flott jobb.

Ein del av medlemmane gjekk "Holavatnet Rundt" frå mai til september.

Medlemmane i OIL – Spretten er i alderen 17 – 45 år, så det er framleis ei stor utfordring å lage treningsprogram som skal passe for alle.

Spretten stilte to lag i sesongen 2003 / 2004. Innsatsen er på topp og resultatata midt på treet. Men resultatata er ikkje like viktig som idrettsglede!

Sommaraktivitetsdagen som var planlagt å halde på Klokkarneset (Hamre) i år vart avlyst grunna dårleg ver.

Spretten har arrangert bingo i klubhuset ca. 1 gong i månaden dette året. Dette har vore svært populære kveldar.

I år har me ikkje fått sponsorpengar, så økonomien er ikkje av den mest solide. Laget krev inn kr. 200,- i treningsavgift om våren med full oppslutning. Total saldo for gruppa er kr. 5.909,-

Styret for 2004 såg slik ut: Marianne Sandal – leiar og kasserar, Merethe Mjelstad – skrivar, Styremedlem: Arne Olai Kleppe, Jan Magne Lohne, Bjørn Nilsen, Oddvar Magne Tvedt.

Styret har hatt 4-5 møter i år

20.01.2005 / Marianne Sandal